

Skjemainformasjon

Skjema	Søknadsskjema for museumsprogrammer 2015 (nynorsk)
Referanse	1006055
Innsendt	05.05.2015 15:43:39

Opplysningar om søkjar

Søklar

Namn på organisasjonen	Museumssenteret i Hordaland,Norsk Trikotasjemuseum
Leiar av institusjonen	Atle Ove Martinussen
Postadresse	Salhusvegen 201
Postnr / Poststad	5107 SALHUS
Tlf. til organisasjon	55251080
E-post til organisasjon	post@muho.no
Kontaktperson for prosjektet	Ann Kristin Ramstrøm
Tlf. til kontaktperson	55251081
E-post til kontaktperson	annkristin.ramstrom@muho.no
Nettside	http://www.muho.no
Org. Nr	971349743

Opplysninger om prosjektet

Prosjekt

Søknaden gjeld

Samlingsforvaltning

Tittel på prosjektet

Nasjonal innsamlings- og dokumentasjonsplan for te

Samandrag av prosjektet

Ei berekraftig samlingsutvikling og ansvarsfordeling innan dokumentasjon av den norske tekstilindustrien krev eit nasjonalt blick. Norsk Trikotasjemuseum vil i dette prosjektet skrive ein overordna innsamlings og dokumentasjonsplan for norsk tekstilindustri - ein strategi for å ta vare på norsk tekstilindustrihistorie for ettertida. Planen vil bli utforma i tett samarbeid med andre norske museum som har norsk tekstilindustri som tema i sine samlingar.

Mål med prosjektet

Målet med prosjektet er å skrive ein overordna innsamlings- og dokumentasjonsplan for norsk tekstilindustri, utarbeide ein strategi for å ta vare på norsk tekstilindustrihistorie.

Eit nasjonalt oversyn på dette feltet vil gjere det lettare gjere gode prioriteringar og verdivurderingar av materialet i samlingane - slike prosessar føreset at vi ser utover eigen innsamlingsplan. Planen vil kunne nyttast som pilot for ein overordna innsamlings- og dokumentasjonsplan for norsk industri som heilskap.

Skildring av overføringsverdien til prosjektet

Planen vil gje betre oversikt, kontroll og prioritering av dokumentasjon og innsamling på feltet, og vere eit konkret og nyttig arbeidsverktøy i samlingsarbeidet som har overføringsverdi til andre industrielle museumssamlingar. Planen vil kunne nyttast som pilot for ein overordna innsamlings- og dokumentasjonsplan for norsk industri som heilskap.

Prosjektskildring

Ei berekraftig samlingsutvikling og ansvarsdeling innan dokumentasjon av den norske tekstilindustrien krev eit nasjonalt blick. Norsk Trikotasjemuseum vil i dette prosjektet skrive ein overordna innsamlings og dokumentasjonsplan for norsk tekstilindustri - ein strategi for å ta vare på norsk tekstilindustrihistorie for ettertida. Planen vil bli utforma i tett samarbeid med andre norske museum som har norsk tekstilindustri som tema i sine samlingar.

Strukturendringar i næringslivet i Noreg i førre hundreåret har ført til mange tomme industrilokale rundt om i landet, og danna i si tid grunnlag for Riksantikvaren sitt verneprogram for tekniske og industrielle kulturminne. Behovet for vern av industriminne knytt til industrialiseringa av Noreg har så langt ført til vern av 15 teknisk-industrielle kulturminne som viser produksjons-, arbeids- og levekår.

DEL AV EIN HEILSKAP

Ein har vektlagd større anlegg og heilskaplege miljø som representerer næringar som har vore viktige for utviklinga av Noreg som industrinasjon, fordelt geografisk og bransjemessig. Slik vart også Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter vurdert etablert seint på 1980-talet. Saman med ei kartlegging på fylkesplan (Plan for vern av maskiner, anlegg og miljø innan trikotasjeindustrien i Hordaland, Fylkeskonservatoren i Hordaland 1987), vart det avgjort å verne Salhus Tricotagefabrik (1860-1989) som eit døme på norsk trikotasjeindustri.

NASJONALT ANSVAR

Norsk Trikotasjemuseum har, i tillegg til vern og formidling av Salhus Tricotagefabrik, eit nasjonalt ansvar for å ta vare på historia om den norske tekstilindustrien, med vekt på verksemd i Bergensområdet og Hordaland. Men korleis tek ein best vare på ein heil industri? Korleis vektar ein det nasjonale ansvaret for å dokumentere bransjen, med bevaring av eit konkret industriminne og lokalhistorie? Er historia til den norske tekstilindustrien godt ivaretatt gjennom det materialet som finst i norske museum i dag?

Planen som prosjektet munnar ut i, vil tydeleggjere sambandet mellom målet med museet og noverande og framtidig samling og dokumentasjon. Eit nasjonalt oversyn over innsamling og dokumentasjon på dette området vil gjere det lettare gjere gode prioriteringar og verdivurderingar av materialet i samlingane - slike prosessar føreset at vi ser utover eigen innsamlingsplan.

Samanlikna med mange kulturhistoriske museum, er industrimusea forholdsvis nye institusjonar, med forholdsvis spesifikke ansvarsområde. Dei har òg eit anna fokus på heilskap, på produksjonslinjer og tekniske gjenstandar som ofte gjev mindre mening utanfor kontekst enn tradisjonelle kulturhistoriske gjenstandar. Gjenstandane er masseproduserte og det er ofte mange av kvar, dei er komplekse og har delar og reservedelar som kan vere vanskelege å identifisere utan teknisk kompetanse.

Innsamlinga ved Norsk Trikotasjemuseum har vore styrt av fleire tankar: bevaringa av eit autentisk industriminne som heilskap, av

eit representativt utval av maskiner og gjenstandsmateriale frå (vest)norsk trikotasjeindustri, eit ynskje om å vise den teknologiske utviklinga i bransjen, formidle historia til lokalsamfunnet i Salhus, arbeidsliv og sosialhistorie. Samtidig har redningstanken vore rådande, då mange tekstilbedrifter på Vestlandet la ned eller flytta drifta i åra etter museet vart etablert. Bruksaspektet har alltid vore viktig - at maskinparken skal kunne brukast til å demonstrere produksjonsteknikkane og levandegjere fabrikkmiljøet.

PLAN FOR INDUSTRIKUMENTASJON

Dokumentasjon av og kontakt med bransjen generelt har heile tida vore eit fokusområde, men det har ikkje eksistert ein overordna strategi for dette arbeidet. Gjennom museumsnettverka for teknologi og industrihistorie, arbeidarkultur og arbeidslivshistorie har ein sett fokus på arbeid med industridokumentasjon, og på behovet for ein god metode/verktøykasse.

Nettverket har nyleg oppretta ei nasjonal beredskapsgruppe for industridokumentasjon, der Norsk Trikotasjemuseum er representert. Dette er eit godt initiativ for å ta hand om «hastesaker» innan dokumentasjon. Men dersom vi vil unngå at denne typen arbeid vert utført som «redningsaksjonar» i tolvte time, krev det at vi løftar blikket og ser på bransjen som heilskap.

Samtidig kan det vere fruktbart å ta enkeltgjenstandar i nærare augesyn. Kva kan desse fortelje ut over seg sjølve, og kva typar fysisk materiale bør vi ta vare på for ettertida frå denne bransjen? Denne planen vil peike ut ein retning innan bevaring av materiell og immateriell kultur knytt til tekstilindustrien. Den vil kartleggje materialet som allereie finst i museum og arkiv, og gjere greier for framtidige prioriteringar innan dokumentasjon og innsamling. Vi vil samarbeide med andre museum som òg har samlingar knytt til tekstilindustrien - Norsk Teknisk Museum, Sjølingstad Uldvarefabrik, Berger Museum og Moss by- og industrimuseum - for å unngå overlappende samlingar og sikre at historia til bransjen vert tilstrekkeleg ivaretatt.

SIKRE GODE PRIORITERINGAR

Dei to siste åra har samlingsansvarleg ved museet arbeidd med å utarbeide ein felles samlingsforvaltingsplan for Hordaland. Men innan industriminneforvaltinga treng ein ikkje berre eit geografisk, men eit tematisk og nasjonalt perspektiv på samlingsforvalting. Det er avgjerande for å sikre gode prioriteringar og val på dette feltet. Tekstilindustrien er internasjonal, og vi vil òg bruke nettverket vårt i Norden, blant anna i det nordiske tekstilindustrihistoriske nettverket som vart etablert på Textilmuseet i Borås i 2012. Vi vil òg sjå på moglegheita for å utvikle eit felles innsamlingsforum på dette feltet, og rutinar for betre kontakt om samlings spørsmål.

Dette prosjektet er eit viktig grunnlag for god forvaltning av den industrielle kulturarva no og i framtida. Det vil kunne danne utgangspunkt for ein nasjonal innsamlingsplan for industri, og større grad av arbeidsdeling musea i mellom.

Prosjektbudsjett

Prosjekt	
Startdato / Sluttdato	24.08.2015 - 22.08.2016
Søknadssum kulturrådet for heile prosjektperioden	340000
Budsjettramme for prosjektperioden	490000

Budsjett for første år

UTGIFTER

Kva	Skildring	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Prosjektilsett 6 mnd., 50 % stilling	kr 150 000,00
	Lønskostnadar eigeninnsats	kr 75 000,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre		kr 0,00
Andre utgifter (spesifiser)	Møteutgifter, reise og opphald	kr 20 000,00
Totale utgifter		kr 245 000,00

INNEKTER

Skildring	Tilskot bekrefta	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 170 000,00</u>
Eigeninnsats Norsk Trikotasjemuseum	Ja	kr 37 500,00
Eigeninnsats samarbeidsmusea	Nei	kr 37 500,00
Totale inntekter		kr 245 000,00

Budsjett for andre år

UTGIFTER

Kva	Skildring	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Prosjektilsett 6 mnd., 50 % stilling	kr 150 000,00
	Lønskostnadar eigeninnsats	kr 75 000,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre	Møteutgifter, reise og opphald	kr 20 000,00
Andre utgifter (spesifiser)		kr 0,00
Totale utgifter		kr 245 000,00

INNEKTER

Skildring	Tilskot bekrefta	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 170 000,00</u>
Eigeninnsats Norsk Trikotasjemuseum	Ja	kr 37 500,00
Eigeninnsats samarbeidsmusea	Nei	kr 37 500,00
Totale inntekter		kr 245 000,00

Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato / Sluttdato

24.08.2015 - 22.08.2016

Fyll ut aktivitetsplan for prosjektet under

Tittel	Frå dato / Til dato
Forarbeid, kartlegging av eigne samlingar	24.08.2015 - 12.10.2015
Oppstartsmøte: struktur og innhald i planen	12.10.2015 - 12.10.2015
Kartlegge eksisterande dokumentasjon og innsamling	13.10.2015 - 01.03.2016
Arbeidsmøte: ansvarsdeling og framtidig innsamling	02.03.2016 - 02.03.2016
Ferdigstilling av plan og rapportering	03.03.2016 - 22.08.2016
Avsluttande seminar/møte	22.08.2016 - 22.08.2016

Andre opplysninger

Prosjektet vil bli gjennomført gjennom arbeidsmøte med musea i arbeidsgruppa og arbeid med eigne samlingar i dei ulike institusjonane. Norsk Trikotasjemuseum vil koordinere arbeidet og ferdigstille planen basert på materiale frå alle musea. Prosjektet gjennomførast som ei 50 % stilling av tilsette ved museet, ved sidan av den faste museumsdrifta.

Samarbeidspartnarar

Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar

Samarbeidspartner 1

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon Sjølingstad Uldvarefabrik, Vest-Agder-Museet

Er det inngått formell samarbeidsavtale

Postadresse Sjølingstad

Postnr / Poststed 4513 MANDAL

Kontaktperson Sylvi Sørensen

Tlf. til kontaktperson 38256023

E-post til kontaktperson s.sorensen@vestagdermuseum.no

Rolle i prosjektet Fagkonsulent

Samarbeidspartner 2

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon Berger museum, Vestfoldmuseene

Er det inngått formell samarbeidsavtale

Postadresse Bergerveien 2b

Postnr / Poststed 3075 BERGER

Kontaktperson Hanne Synnøve Østerud

Tlf. til kontaktperson 48092497

E-post til kontaktperson hanne.osterud@vestfoldmuseene.no

Rolle i prosjektet Fagkonsulent

Samarbeidspartner 3

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon Moss by- og industrimuseum

Er det inngått formell samarbeidsavtale

Postadresse Fossen 21/23

Postnr / Poststed 1530 MOSS

Kontaktperson Bjørg Holsvik

Tlf. til kontaktperson 47977765

E-post til kontaktperson bjohol@ostfoldmuseene.no

Rolle i prosjektet Fagkonsulent

Samarbeidspartner 4

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon Norsk Teknisk Museum

Er det inngått formell samarbeidsavtale

Postadresse Kjelsåsveien 143

Postnr / Poststed 0491 OSLO

Kontaktperson Tone Rasch

Tlf. til kontaktperson 22796020

E-post til kontaktperson Tone.Rasch@tekniskmuseum.no

Vedlegg

Vedlegg

- Samarbeidsavtale_Berger_museum_signert.pdf
- Samarbeidsavtale_Moss_by__og_industrimuseum.pdf
- Samarbeidsavtale_Norsk_Teknisk_Museum_signert.pdf
- Samarbeidsavtale_mellom_Norsk_Trikotasjemuseum_og_Sjoelingstad_Uldvarefabrik.pdf